



**LINDÅS KOMMUNE**

**TEKNISK SJEF  
5100 ISDALSTØ**

TELEFON 56 35 05 55  
TELEFAX 56 35 28 00

Lindås kommune

**ARKIV**

5100 ISDALSTØ

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato: 07.02.98

LJH/97/3558/094/002/001

**SAK 50 /98 FRÅDELING - TILLEGGSAREAL TIL SKODVIN SKULE  
BOGEVIK LINDBJØRG - GNR 094 BNR 002, SKODVIN**

Saka er handsama av bygningssjefen etter fullmakt frå rådmannen.

Saksdokument:

Søknad om deling av grunneigedom datert 03.07.97  
kartutsnitt 1:1000, 1:5000  
Kopi av kjøpeavtale med grunneigar datert 30.04.97  
Deling godkjent av landbruksdirektøren dan 11.12.97

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld frådeling av parsell på 1,8daa til utviding av skulearealet for Skodvin skule.  
Kopi av avtale om korleis dette skal nyttast ligg ved.  
Landbruksdirektøren har gjeve løyve til delinga.

Vedtak:

I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 63 godkjenner bygningssjefen søknaden om deling av eigedom i samsvar med søknaden og kjøpsavtale.

  
Lars Johan Haukås  
bygningssjef

utskrift sendt: Lindbjørg Bogevik, 5156 Vågseidet  
oppmålingsavdelinga, her

ARKIV

A V T A L E



Mellom Lindås kommune ved rådmannen og  
Lindbjørg Bøgevik, 5156 Vågseidet, eigar av gnr.94, bnr.2  
i Lindås kommune er inngått slik avtale:

1. Lindås kommune får rett til å kjøpa eit tilleggsareal til  
til Skodvin skule, storleik omlag 1800m<sup>2</sup>, slik dette er  
vist på kartskisse datert 28.april 1996.
2. Vederlaget for arealet vert fastsett til kr.13.- pr.m<sup>2</sup>  
og endeleg oppgjer finn stad etter oppmåling og mot  
underskrive skøyte.  
  
Påståande skog vert betalt etter takst.  
  
Kommunen set opp gjerde i ny eigedomsgrense og har  
gjerdeplikta her.  
  
Lindås kommune ber kostnadene med oppmåling og  
overdraging av arealet.
3. Lindås kommune får med dette fullmakt til å søkja om  
frådeling og kartforretning over arealet.
4. Dersom tomta vert nytta til andre formål enn skule e.l.  
skal den falla tilbake til hovudbruket utan kostnad.
5. Denne avtalen er sett opp i to eksemplar , ein til kvar  
av partane.

Skodvin/Isdalstø ..... 1997.

*Lindbjørg Bøgevik*  
Lindbjørg Bøgevik  
eigar av gnr.94, bnr.2 i Lindås

*Hannik Hentoy*  
Rådmann